

Gloppen kommune, kommunalt næringsfondet
Gloppen kommune, Forvaltningsfondet Naustdal/Gjengedal Ivo
Sunnfjord Næringsutvikling (SNU)
Innovasjon Norge

Søknad om midlar til forstudie av næringsutviklingstiltak

- Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde

Styringsgrupa for næringsutvikling i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde søker om midlar til eit forstudie slik;

Sunnfjord Næringsutvikling (Jølster, Førde, Naustdal)	kr. 60.000
Gloppen kommune	kr. 30.000
Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal Ivo	kr. 90.000
Innovasjon Norge	kr. 70.000

1) Kort historikk om verneområdet

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vart i 2009 vedtatt verna gjennom kongeleg resolusjon i statsråd. Arbeidet med vern av området dekkjer 394 kvadratkilometer i Gloppen, Naustdal, Jølster og Førde, hadde utgangspunkt i landsplanen for nasjonalparkar og andre store verneområde i Noreg, som Stortinget vedtok i 1993. Formelt blei arbeidet sett i gang i 1998, og skjedde i samarbeid mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen. Det blei såleis utarbeidd eit verneframlegg for dei sentrale delane av området etter naturvernlova, og ein fylkesdelplan etter plan- og bygningslova for stølsdalane rundt. Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde femnar om både lågland med stølsdalar, vakker vassdragsnatur, rike myr- og deltaområde, og fjellområde med brear. Her finn ein det største urørte villmarksarealet i ytre del av Sogn og Fjordane, og Naustdal-Gjengedal Forvaltningsplan for området skal på høyring i 2012. 10 mill. kroner er sett av til eit næringsfond i dei berørte kommunane, slik at vernet kan bidra til ei positiv utvikling lokalt. Forvaltningsmynde etter verneforskrifta er overført til kommunane.

2) Bakgrunn for søknad

I møte på Skei den 21. mars var alle dei 4 kommunane og representantar for dei ulike grunneigarområda, samla for å drøfte om det var interesse for eit samarbeid på tvers av kommunegrensene om felles næringsutviklingstiltak i landskapsvernområdet.

Kommunane/grunneigarane tok ein kort gjennomgang på status av ulike nye tiltak i dei einskilde kommunane:

Naustdal har kome langt med ulike tiltak. Dei har laga kommuneplan for landbruk og bygdeutvikling, og har kome med i bygdeutviklingsprogrammet. Begge med fokus på «næringsutvikling i verna natur». Sjå lenke www.instedalen.no og Vonaportalen - kringlen.com

Det vert satsa på turisme og det skal utviklast tilbod om guida turar. Elles kan nemnast «Småvilt-prosjektet» og «Lammekjøtt frå verna område» og merking av turløyper. Utmarkslaget er også i gang med opparbeiding av parkeringsplassar, skilting og reparasjon av brygge for å gjere tilgangen til landskapsvernområdet enklare.

Førde: Lite tiltak/aktivitet.

Jølster: Jølster var aktive med å få vernegrensa «skubba» tilbake så dei kan få bygt ut småkraftverk. Ny parkeringsplass og utedo er på plass.

Gloppen: Utedo i Langedalen. Bru over Flæteelva i Traudalen. Hyen/Gjengdalen: Utviding av parkeringsplass, skal byggje utedo.

Ide/myldring om nye moglege fellestiltak:

Det kom opp mange idear av laust og fast, engasjementet var godt. Her er innspela som vart drøfta på møtet;

- 1) Opprette ein fellesportal som inngang til ulike heimesider med informasjon om landskapsvernområdet og aktivitetar/opplevingar som vert bydd fram.
- 2) Felles marknadsføring av området
- 3) Felles studietur for å få impulsar på fellesprosjekt dei har gjort i andre verneområde.
- 4) Fokus på området som beiteressurs (jf. tidlage bruk som utleige av beite for storfe, i dag mest sau)
- 5) Sankehytter, nye og bruk av eksisterande
- 6) Utleige av stølshus, vandring frå støl til støl
- 7) Merking gamle ferdselsveggar som går på tvers av kommunegrenser. Merke vanleg turløyper mellom kommunane
- 8) Fiskekort må bli lettare tilgjenge i heile område, Nettbasert løysing?
- 9) Fiskeforvaltning: Utfiskingsprosjekt for å betre kvalitet/storleik på fisken
- 10) Tilbod om transportabel båt tilrettelagt for funksjonshemma.
- 11) Samordne/gje tilbod/sal av lokalmat/drikke
- 12) Logistikk og transport for turfolk (person og bagasjetransport)
- 13) Utleigejakt: Fugl og hjort

Landbrukssjef Finn Olav Myhren, Jølster kommune, viste i møte ein presentasjon med spanande innspel kring næringsutvikling i og rundt verneområde. Denne har og vore vist i fellesmøte mellom formannskapa i Jølster og Gloppen 15. mars 2012. Desse innspela tek ein med seg i det vidare arbeidet. Gloppen og Jølster kommune har eit felles utviklingsprosjekt med mellom anna mål om å få utvikle reiseliv i verna områda.

Møtelyden konkluderte med at ABP kallar inn til eit nytt møte i Førde hos Sunnfjord Næringsutvikling (SNU), der styringsgruppa konstituerer seg. Styringsgruppa skal vere grunneigarstyrt, og dei ulike områda må peike ut sine grunneigarrepresentantar.

3) Organisering og mandat

Styringsgruppa vart konstituert 9. mai i Førde:

- Gudmund Eimhjellen (Naustdal)
- Rune Botnen (Førde)
- Lars Indrebø (Førde)
- Ole B Årdal (Jølster)
- Ole Gimmestad (Gloppen)
- Nils Magne Gjengdal (Gloppen)

Desse personane har vore sentrale i verneprosessen og representerer dei ulike grunneigarlag/interessene i området for alle dei 4 kommunane.

Føremål og mandat for styringsgruppa

- Koordinere og vere pådrivar av felles næringsutviklingsarbeid i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde og omegn.
- Arbeidet skal og vere med å styrkje dei ulike ideane og tiltaka som alt er sett i gang av lokale utviklingsprosjekt.
- Styringsgruppa er slik samansett for å best mogleg representere grunneigarane og deira sine interesser i område.
- Gruppa skal søkje om midlar, gjennomføre eit forstudie (moglegheitsstudie) som grunnlag for vidare satsing og vidareføring av forprosjekt/hovudprosjekt for å styrkje næringsaktiviteten i området.

4 av medlemmane i styringsgruppa er og representantar i det fagleg rådgjevande utval Naustdal – Gjengedal lvo.

Referansegruppe:

Oppretting av referansegruppe (gruppa skal vere eit fagleg nettverk for styringsgruppa)

- Representant frå kvar av dei 4 kommune (landbrukssjef/viltforvaltar etc). Kommunane vel ut sine representantar.
- Alf Erik Røyrvik, forvaltar for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og Ålfotbreen landskapsvernområde
- SNU peikar ut sin representant til å delta
- Referanse gruppa kan endrast med nye medlemmer etter trong

I fase 2, **forprosjektet**, vert det oppretta egne prosjektgrupper for dei ulike prosjektet som forstudiet munnar ut i. Det kan då vere bruk for mange ressurspersonar som har spesifikk fagkompetanse innan dei ulike prosjekta.

4) Mål og arbeidsoppgåver i forstudiet (etter PLP-modellen)

- 4.1 Forstudiet skal opne breidt og hente inn impulsar og idear for kva som kan ha potensial av idear til å bli eit næringsretta utviklingsprosjekt.
- 4.2 Innspel frå bygdelag/grunneigarlag/beitelag/andre i område (opne møter og invitasjon til innspel via ulike media)
- 4.3 Erfaring frå andre tiltak regionalt/nasjonalt/internasjonalt.
- 4.4 Vurdere innspel/tiltak utfrå:
 - Ynskje frå grunneigarane sitt næringsperspektiv i landbruket
 - Særmerkte ressursar i området (natur- og kulturlandskap)
 - Tilgjengelege ressursar i prosjektet (menneskeleg og økonomiske ressursar)
 - Kva som er realistisk og kva som mogent og mogeleg (strategisk vurdering ut frå motivasjon/eigarskap/ressursar)
 - Resultatet av forstudiet skal gje svar på om det er grunnlag for å gå vidare med nokon av ideane.

5) Aktivitetar, budsjett og finansiering

Utgifter	Tal møter
Møter	
Styringsgruppe	4
Referansegruppe	2
Opne møter med grunneigarlag/bygdelag i randområda (Instedalen, Angedalen, Årdalen, Rygg, Gjengedalen)	4
(Instedalen, Angedalen, Årdalen, Rygg, Gjengedalen)	
Kommunane, næringsutviklingsapparat i kommunane	2
Forvaltningsstyret for landskapsvernområdet	1
Destinasjonselskap/reiselivs-aktørar	2
Andre møter	5
<u>Sum møter</u>	<u>20</u>
	Kroner
Møtelokaler/matutgifter	20000
Reiser/overnatting inkl. studietur (20 stk deltakarar)	60000
	80000
Eige arbeid grunneigarar/deltakande partar	40000
Prosjektleiingsressursar	110000
Sekretariat/adm styringsgruppe	40000
Rekneskap/revisjon	10000
Diverse utgifter	10000
Sum kostnader forstudie	290000
Finansiering	
Eige arbeid; grunneigarar/deltakande partar	40000
Næringsfondet, landskapsvernområde-kommunar	
Sunnfjord Næringsutvikling (Jølster, Førde, Naustdal)	60000
Næringsfondet Gloppen kommune	30000
Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal Ivo	90000
Innovasjon Norge	70000
Sum finansiering	290000

6) Framdriftsplan

	Aug.	Sept.	Okt.
Oppstartsmøter	x		
Studietur		x	
Innsamling data	x	x	x
Prioritering utviklingstiltak til for- /hovudprosjekt			x

Evt. start fase 2 med søknad i november om forstudiet viser potensiale og moglegheiter og styringsgruppa vil gå vidare med utvalgte prosjekt.

Tre månader er truleg ein minimumstid for forstudiet, då det er viktig å få ein god prosess og ei god forankring hos deltakande partar. Styringsgruppa meiner og at det er viktig å kome i gang med forstudiet og kartlegging av moglege utviklingstiltak parallelt med forvaltningsplanen som skal ut på høyring. Då kan ein kome med innspel om tiltak til forvaltningsplanen.

Er det noko som er uklart, ta kontakt med Agro Business Park (ABP) ved DL Sigmund Vereide sariv@online.no eller tlf. nr. 900 70 848. ABP er innleigd til sekretæriatarbeidet og står for prosjektleiinga.

Vi vonar på ei rask handsaming av søknaden for å halde framdrift i prosjektet.

Mvh Styringsgruppa

Sandane 25. mai 2012

Nils Magne Gjengedal

Ole Gimmestad

Ole B Årdal

Lars Indrebø

Rune Botnen

Gudmund Eimhjellen